
Til	Skoleutvalet ved Surnadal vgs
Kopi til	
Vår ref.	23/52254-25/55051
Saksbehandler	Hilde Andersen
Dato	19.03.2025

Referat frå møte i skoleutvalet 18.03.25

Agenda:

- Budsjett og rekneskap
- Elev og klassar for skoleåret 25-26
- Skolestruktur
- Elevundersøkinga
- Ev.

Budsjett og rekneskap

Rektor orienterte om budsjett og rekneskap. Endeleg rekneskap for 2024 synte eit meirforbruk på 1 229 000,-. Skolen dreg med seg meirforbruket over i budsjettåret 2025. Den totale budsjettramma for skolen, som i hovudsak er basert på antal elevar og klassar, er redusert for kvart år. Skolen har utfordringar med å gi eit forsvarleg opplæringstilbod til elevane innafor vedteke budsjett og landar dermed på eit meirforbruk.

Elevtal og klassar for skoleåret 25-26

Trass berre 193 søkerar på 239 plassar får skolen starta opp alle klassane skoleåret 25-26, fordi elevane fordeler seg jamt. Utgangspunkt for politikarane si innstilling om å starte klassar er minimum 6 søkerar med ungdomsrett (24 år) på yrkesfag og minst 65% oppfyllingsgrad av søkerar med ungdomsrett på studiespesialisering. Klassane med lågast søkeratal er vg1 Bygg- og anleggsteknikk med 6 søkerar, og vg1 Elektro- og datateknologi med 7 søkerar. Dette kan gi utfordringar for oppstart av vg2 tømrar og vg2 automatisering skoleåret 26-27.

Skolestruktur

Rektor gjekk igjennom det vi veit per no om korleis den politiske saka om skolestruktur som kjem i mai. Målet med gjennomgangen er å gi skoleutvalet så mykje informasjon og eit så godt grunnlag som muleg for å kunne engasjere seg i saka.

Grunnlag for struktursaka er den negative elevtalsutviklinga i perioden fram til 2040 og korleis ein med dette grunnlaget skal kunne dekkje samfunnet sine behov for arbeidskraft best mogleg.

For Surnadal vgs er elevgrunnlaget i Trøndelag teke med i framskrivingane, og Trøndelagsavtalen er slik viktigare enn nokon gong.

Kunnskapsgrunnlaget i saka vil mellom anna omhandle elevframskrivingar, samfunnet sine kompetansebehov, skolebygg og skoleskyss, med meir.

Signal til no tilseier at saka vil bli bygd opp på det viset at ein både ser på fylket samla og kvar enkelt region. Ein tenkjer å dele foreslalte tiltak inn i tre fasar: Fase 1 (perioden 2024-2029), fase 2 (perioden 2030-2036) og fase 3 (perioden 2036-2040). Tiltaka som vil bli foreslått er slik tenkt tilpassa elevtalsutviklinga på skole- og regionnivå.

Saka skal ut på høyring allereie 30. mai, med høyringsfrist 1. september. Vedtak skal gjerast i fylkesting i desember -25. Det er lagt opp til regionvise høyringsmøter i mai/juni.

Skoleutvalet løftar fram viktigeita av å skape ei virkeligheitsforståing av framtida. Som grunnlag for dette er det viktig å kome i dialog med ungdommane (med føresette) og samfunnsliv/næringsliv. Kva ynskjer ungdommane, og kva kompetanse treng samfunnsliv/næringsliv i regionen framover? Viktig å få kopla på begge desse gruppene. Skoleutvalet vil kartlegge dette.

- Hugo og Rakel lagar eit utgangspunkt for ei undersøking, som delast med skoleutvalet før vi kommuniserer den vidare ut.
- Hugo koplar på næringslivet gjennom å få sett av tid til temaet i frukostmøte. Involverer rektor om ønskeleg.

Skoleutvalet understrekar at god informasjon er særstakt viktig framover, og drøfta korvidt ein skal arrangere ekstra informasjonsmøte for innbyggjarar og samfunnsliv/næringsliv. Vi vart samde om å avvente, da dette vil kome an på kor omfattande og lokale dei regionvise høyringsmøta som fylket skal arrangere blir.

Elevundersøkinga

Rektor syntetiserte resultat frå elevundersøkinga, som vart gjennomført i november -24.

Resultata for læringsmiljø syner at skolen sine resultat samanlikna med fylket og nasjonalt ligg på snitt eller over på alle område, med unntak av parameteren Elevdemokrati. Dette er ein trend vi har sett over fleire år. Skolen arbeider kontinuerleg og systematisk med elevdemokrati og held fram med arbeidet. I år leggast det i etterarbeidet opp til at elevar og lærarar deler gode eksemplar på når og korleis det blir lagt opp til elevmedverknad.

Skolen sine resultat innafor mobbing (4,2) ligg godt under snittet både for fylket (6,4) og nasjonalt (6,3). Dette er positivt, men vi er ikkje fornøgde før resultata blir 0. Det systematiske arbeidet held fram.

Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Referent

Hilde Andersen, rektor